

# FITJAR KYRKJEBLAD



Nr 1 - FEBRUAR 2019 - ÅRGANG 42



**DEN NORSKE KYRKJA  
FITJAR**

**Kyrkjekontoret:**

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 53 45 85 00  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

onsdag og fredag: kl.10:00 - 15:00  
Ta kontakt på telefon om døra er låst  
og me er ute på oppdrag.

**Kyrkjeverje:**

Rydland, Harald 913 47 802  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest:**

Drønen, Roald 950 76 635  
[rodr@fitjar.kommune.no](mailto:rodr@fitjar.kommune.no)

**Kantor:**

Overweg, Jan 901 97 069  
[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog:**

Matre, Randi Lønning 951 38 562  
[rama@fitjar.kommune.no](mailto:rama@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:**

Skumsnes, Kristian 992 23 972

**Soknerådsleiar:**

Fangel, Sigrid 480 94 634

**Nestleiar sokneråd:**

Fitjar, Rasmus 918 24 158

**Bakken barnehage:**

kontor 53 22 26 00  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet**

(Skriv om du vil øymerke gåva)  
kontonr. 3546.29.05805



**Framsdebilete:**

Vindauga Fitjar kyrkje

Foto: Torbjørn Hovland

**Redaksjonelt**



*Kvitfargen og  
kjærleiken*

**Gjennom året ber presten stola (det som ein har utanpå prestekjolen) med ulike fargar på gudstenesta og andre seremoniar i kyrkja. Kledet (antependiet) på altar og preikestol vert skifta ut i same rytme.**

Roald Drønen



Me har i kyrkja fire liturgiske fargar som vert brukte; grøn, raud, fiolett og kvit.

Kvitfargen symboliserer glede, fest og reinleik og vert brukt ved jul, påske og andre særskilde dagar som Maria bodskapsdag, Sankthans og Helgemessesøndag (Allehelgensdag). Kanskje ikkje utan grunn at kjolen som vert brukt ved dåp av små born er kvit. Likeeins er konfirmantane kledde i kvite kapper og bryllaupskjolen er kvit.

Kvit er fargen som mange av oss likar i denne mørke årstida. Me ynskjer ikkje berre at Kidno i Fitjarfjellet er kledd i kvit. Det er også fint å sjå bøane med eit fint snølag. Det gjer at dagane vert lysare. Snøen dekkjer over og skjuler mykje som elles ligg dødt og skjemmer. Slik er det også med kjærleiken skriv Peter, ein av Jesus sine læresveinar, i sitt fyrste brev. Der kjem han med ei oppmoding som gjeld oss alle:

*Og ha framfor alt inderleg kjærleik til kvarandre, for kjærleiken løyner ei mengd med synder (1.Pet. 4,8).*

Og kanskje er det sant som Astrid Lindgren seier: Gje borna kjærleik, meir kjærleik og endå meir kjærleik, så kjem manerane av seg sjølve.

Det er i alle fall sant det som eg lærte som ganske liten gut på skulen, at blandar du alle fargane og rører godt rundt, vert fargen kvit.

Eg ynskjer alle gode vinterdagar, med eller utan snø!





# «Korperler frå mange århundre»

- Grex Vocalis kjem til Fitjar

Den 31.mai held det Oslobaserte koret Grex Vocalis under leining av Carl Høgset konsert på Fitjar. Konserten deler dei med koret Corona frå Stord, dirigert av Irene Simonsen. Me ser fram til ei koroppleving av dei sjeldne her på Fitjar, og håpar at mange korvener og songarar, ja, alle, vil koma og dela denne kvelden med oss.

Hildegunn Aadland

Grex Vocalis blei stifta av Carl Høgset i 1971 og etablerte seg snart som eit av dei leiande kammerkora i Noreg. Koret er inne i sitt siste år, og dette er den siste turneen koret gjer i Noreg.

Koret har heilt frå starten hatt internasjonale musikalske interesser og ambisjonar. Varemerket til koret er den spesielle, homogene klangen som har kjenneteikna Grex frå første plateutgjeving og fram til i dag. Grex Vocalis spesialiserte seg i starten på tidlegmusikk, og har teke med seg inspirasjon frå



Fotograf: Morten Kanne-Hansen

uttrykket til tidlegmusikk til andre epokar. På konserten på Fitjar skal koret framføra musikalske høgdepunkt frå mange ulike epokar, og både utanlandske og norske komponistar.

Grex Vocalis har turnert mykje i både Noreg og Europa, og har besøkt Japan og Cuba. Koret har vunne tre Spellemannprisar,

førsteprisar i nasjonale og internasjonale korkonkurransar, gitt ut ti plater og medverka på endå fleire. Det er første gong koret syng i Sunnhordland.

Billetter kan de kjøpa i døra, eller de kan førehandsbestilla billetter hos Hildegunn Aadland 95138011.

Set alt no av kvelden!

## ”Fitjar Kyrkjeblad”

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

### Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 29. mars til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 10. april. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

### Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland

Trykk: Nils Sund Boktrykkeri AS



# Møte med den nye kyrkjelydspedagogen

**Den nye kyrkjelydspedagogen vår, Randi Lønning Matre, er no komen godt i gong med oppgåvene sine, og Kyrkjebladet fekk ein liten prat for å bli betre kjent med henne.**

*Anne Hardeland*

---

Randi er oppvaksen på Stord, og bur no i Sagvåg saman med mann, 18-årige tvillingar og ein son som er konfirmant i år. Av utdanning har ho bibelskule og lærarskule. Heile sitt yrkesaktive liv har ho hatt i arbeid med barn og unge, noko ho trivest svært godt med. På fritida står friluftsliv høgt i kurs, og å gå på ski frå Olstjødno til Lundarstøl er ein årleg favoritt. Det same er fjellturar og båtliv. Og det passar henne godt at «Med Jesus i båten», forkorta til «Båten», er namnet på soknerådet sin trusopplæringsplan.

I 2006 hadde ho ein 20% stilling i konfirmantundervisning i Fitjar. Seinare har ho hatt sitt virke i barne- og ungdomsarbeid i Stord, mest i Nysæter Kyrkje. På fritida har ho gjennom mange år vore engasjert i ulike barnelag i regi av Sagvåg Bedehus, og for tida driv ho «Torsdagsope» der. «Arbeid for barn er viktig og aldri bortkasta», hevdar Randi.

Ho synest det er spennande og gjevande å vera saman med konfirmantar. Dei er svært ulike i den alderen, nokre er reflekterte medan andre lever «i nuet». No har ho nett vore på konfirmantfestival på Langevåg og opplever det fint å få tilbringa tid med dei over lengre tidsrom, og bli kjent på ein annan måte. I Fitjar har ho hovudansvaret for konfirmantopplæringa, men sokneprest Roald bidreg også med mykje. Den store utfordringa er å finna gode møtepunkt for ungdom etter konfirmasjonsalderen. For tida har me KRIK og Tentreff, der det blir gjort mykje flott arbeid av gode, dyktige leiarar. Og ho vil gjerne etter kvart samarbeida meir med ulike lag og organisasjonar frå «Babysong» og oppover. Hovedpoenget med trusopplæringa er å få dela og formidla trua på Jesus til barn og unge frå 0 til 18 år. Ha Jesus med i båten. Kyrkjeskipet er som ein båt, og ho er glad for at skipet har ein plass for alle.



Framover vil ho jobba vidare med å setja seg inn i oppgåvene og gjennomføra tiltaka trusopplæringa legg opp til. Neste post på programmet er «Tårnagentane» i mars. «Lys vaken» har nett gått av stabelen. Ho gler seg til å koma skikkeleg i gong med arbeidet og til å samarbeida med kyrkjelyden i Fitjar. Me takkar for møtet med ein audmjuk, varm, sympatisk kyrkjelydspedagog med hjarta for barn og unge. Og me ønskjer den nye medarbeidaren hjarteleg velkommen til oss og lukke og velsigning med i det vidare arbeidet!

# Konfirmantfestival på Langevåg

**Søndag 3. februar fylte me opp ein buss med konfirmantar frå Fitjar og sette kursen mot Langevåg.**

Randi Lønning Matre

Her venta ein dag med mange ulike aktivitetar saman med 400 konfirmantar. Det var turneringar i innebandy og volleyball. Fitjar konfirmantane stilte med 2 lag i innebandy og 1 i volleyball. Kjempegod laginnsats, og me henta heim ein 3. plass i innebandy. Det fint innramma diplommet må me finne ein høveleg plass å henge opp. Gratulera til «6skt og 1 handykapp.»

Av andre aktivitetar på festivalen kan me nemna, dogesball, Sing Star, lykkehjul, Speed dating, bønnetelt, bibelquiz, Gitar Hero, bordtennis, sumobryting. Konfirmantane som hadde vore med på minst 8 aktivitetar, var med i ei trekning av fine gevinstar. Også her fekk me med ein premie heim. Gratulera til Stian Larsen.

Festivalen vart arrangert av KM og hadde tema: Sett – avslørt – elska!



Sumobryting på Bømlø: Ida Marie Sandvik og Julie Torvund Midtsæter

## Mat til konfirmantane

**Kvar tysdag har me konfirmant-undervisning i kyrkja. Me startar med eit enkelt måltid mat i kyrkjestova. Det har vore eit ynskje om å få nokre frivillige til å ta på seg denne oppgåva slik at kyrkjelydspedagogen og presten kan konsentrera seg om undervisninga.**

Roald Drønen/Randi L. Matre

Eit besøk på Fitjar bygdekvinnelag sitt møte i Peraløa ein måndag for nokre veker sidan gjorde susen. Då ærendet vart bore fram, kom det med ein gong mange ivrige hender i veret. Dette ville dei entusiastiske kvinnene gjerne hjelpa til med. Mange namn vart noterte og avtalen var i boks. Dagen etter var dei to fyrste kvinnene på plass i kyrkjestova, og konfirmantane kunne gå til «duk og dekkja bord».

Tusen hjarteleg takk til dykk alle!



Inger C. Fitjar og Kjellfrid Bremskau

# Pusterom med tonar og ord i Fitjar kyrkje



**Torsdag 31. januar kl 19:30** var det temakveld med dyktige gjestar frå Stord og tittel «Når tonar og ord møtest».

## Torbjørn Hovland

Barbro Høyland Andersen på tverrfløyte, Bjarne Aadland på piano og Kari Bolette Lundal las vers frå Bibelen og salmeboka. Musikken var henta frå fransk impresjonisme, med utvalde stykke for fløyte og piano av komponistane Maurice Ravel og Claude Debussy.

Me vart presenterte for eit rikt utval av virtuos klassisk musikk med eit lett og luftig klangbilete, og eit teknisk utfordrande samspel for musikarane.

Innimellom komposisjonane fekk me høyre at Kari Bolette Lundal er ein framifrå tekstlesar. Den tidlegare bibliotekaren maktar å gi liv og nerve til dei gamle tekstane slik at dei framstår like aktuelle, og talar direkte til oss over tidsgapet på opptil fleire tusen år.

Du treng ikkje gå over bekken etter vatn, men me går gjerne over kommunegrensa etter slike kulturformidlarar.





Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap (NMS) og støttar NMS sitt arbeid blant fulanifolket i Mali.

**I sentral-Mali er det ein spent situasjon mellom fulaniar og andre folkegrupper. Det har oppstått militsar basert på etnisitet, og desse militsane stempelar i for stor grad alle fulaniar som ekstremistar. Mange nyttar høvet til å tena på kaoset, gjennom å forsyna seg av fulaniar sine dyr og verdiar utan at det får konsekvensar. Andre stadar er det væpna fulaniar som står for overgrep mot personar frå andre folkegrupper. I denne vanskelege situasjonen prøver misjonen å vera til stades med ei hjelpande hand og med eit kristent vitnesbyrd.**

Helga Rimmereid

NMS fortel fylgjande historie frå arbeidet deira i Mali sommaren 2018:

«På ein muslimsk skule (madrassa) like utanfor Bamako bur det for tida over 100 fulani-flyktningar frå Moptiregionen i Mali. Kl 15.00 den 18. juli 2018 kom medlemmar av ein milits frå ei annan etnisk gruppe køyrande på motorsyklar. Dei omringa landsbyen og byrja å drepa mennene i den vesle busetnaden. Då sola gjekk ned, var 18 menn drepne og kasta i ein brønn. Kvinner hadde mista sine ektemenn og born hadde vorte farlause. Rektoren på madrassaen sør i Mali reiste den påfølgjande dagen nordover til

heimlandsbyen sin. Han tilkalla brannmenn frå Severe som henta dei døde kroppane opp av brønnen slik at dei kunne få ei verdig gravferd. Så tok han med seg alle som ville av kvinner og born sørover til staden han har bygd opp utanfor Bamako. Madrassaen der flyktningane bur er ein stad som har vorte besøkt jamleg av ein av MELM-misjonær over nokre år. Slik vart misjonen sitt diakonale arbeid kopla inn for å gje eit bidrag. Flyktningane vart registrerte hjå offentlege myndigheiter, og misjonen kjøpte inn eit tonn med ris til flyktningane.»

NMS ynskjer å takka alle som støttar arbeidet i Mali, med gåver og forbøn. Fortset å be om fred og forsoning mellom fulaniane og dei andre folkeslaga i Mali, og be for kyrkjer og misjonar som er til stades med eit kristent nærvær i ein svært vanskeleg situasjon.

## Misjonsprosjektet

I 2018 sende Fitjar kyrkjelyd avgårde heile 64 376,- til misjonsarbeidet i Mali. Neste gong det vert kollekt til prosjektet er under gudstenesta 1. påskedag, dvs søndag 21. april. Ynskjer du å støtta arbeidet i Mali ut over dette kan du gje ei gåve til kontonummer 8222.02.85057 og merka betalinga med Mali.





## Velkommen til Tårnagenthelg

Fitjar kyrkjelyd inviterer alle 3.klassingar til å vere Tårnagentar **9.og 10.mars** i Fitjar kyrkje. Gjennom helga vil agentane løyse oppdrag og mysterier, og dei vil utforska kyrkja og Bibelens forteljingar. Barna bur heime, men vil vere saman i kyrkja laurdag og søndag.

### Påmelding:

**Hovudleiar Randi L Matre**

E-post: rama@fitjar.kommune.no

Telefon: 95138562

**Sokneprest Roald Drønen**

E-post: rodr@fitjar.kommune.no

Telefon: 95076635



## NYÅR

Så har vi på ny trødd inn  
I framand hus  
Ser oss ikring i rom  
med mange utgangsdører  
Dører som vil opna seg  
til nye landskap  
mot horisontar våre villaste fantasiar  
aldri har sett

Nye vegar skal trøast  
Vegar som vert til etter kvart.  
Ukjende stiar  
vi aldri har drøymt om  
vil slyngja seg elegant inn  
i framtidlandet.  
Landet som opnar seg  
med sine fagre blåner.

Uante krefter  
vil lyfta oss til nye høgder  
der angen frå villblomar dominerer

Eg strekkjer ut handa i tru  
at Han vil gripa tak.

Ingalis Apelthun

Arbeidet med Kyrkjelydsbladet vert gjort på dugnad, og me er avhengige av frivillige gåver frå de som synest at bladet er verdt å lesa. I dette bladet ligg det ved ein giro som de kan nytta. Takk for gåva di!

## Fitjarweekend på Helgatun 29.-31. mars 2019



Pris for heile helga med alle måltid:

Vaksne/ungdomar 13 + : 1 480,-

Born 8-12 år: 870,-

Born 3-7 år: 595,-

Born under 3 år: gratis

**Det er framleis nokre ledige plassar!**

For spørsmål og/eller påmelding ta kontakt med:  
Helga Rimmereid, helgari@frisurf.no tlf 975 28 001

**ALLE er velkomne til å melda seg på !**

Sjå [www.kyrkja.no/fitjar](http://www.kyrkja.no/fitjar) for meir informasjon



# SØNDAGSSKULE - mars, april og mai 2019

på Fitjar **bedehus kl. 11.00** til vel kl. 12  
dei søndagane det ikkje er familiegudsteneste i kyrkja  
(for alle frå ca 3 år til 8. klasse)

17.03 Søndagsskule

24.03 Søndagsskule

05.-10.03. Film og taco-kveld for 4.-8. klasse kl. 18.00 (påmelding)

05.05 Søndagsskule (i Kjellaren)

12.05 Søndagsskule (i Kjellaren)

**VELKOMEN!**

Følg oss gjerne på facebook

for påminningar/ferske oppdateringar ☺

Arr.: Fitjar søndagsskule



## Temakveldar i Fitjar kyrkje våren 2019



28. februar kl. 19.30

"Kan Guds vei gå  
gjennom mørke?"  
Erling Rimehaug



28. mars kl. 19.30

"Salig blanding"  
Fitjar Ad Hoc med  
gjester



25. april kl. 19.30

Roald Drønen i  
samtale med gjest



fotograf: Morten Kanne-Hansen

31. mai

"Korperler frå  
fleire århundre"  
Grex Vocalis,  
dir. Carl Høgset



Gjestekor: Corona  
dir. Irene Simonsen

### FITJAR BEDEHUS

- 24.02. 1930 Søndagsmøte m/forbøn
- 27.02. 1930 Nattverdmøte
- 03.03. 1930 Søndagsmøte
- 06.-10.03. Møteveke ImF v/Roald Evensen
- 17.03. 1930 Søndagsmøte
- 23.03. 1500 Basar Jenteforeningen
- 27.03. 1930 Nattverdmøte
- 30.03. Bibeltimar Israelsmisjonen
- 07.04. 1930 Søndagsmøte Kristen Muslimmisjon

Sjå òg [www.fitjar-bedehus.no](http://www.fitjar-bedehus.no)



### Velkomen til SMÅBARNSTREFF

på Fitjar bedehus kl. 10.30

tysdag 19/2,

5/3, 19/3,

2/4, 23/4

og 7/5

\* songstund \* nistemåttid \* leik og drøys

Følg oss gjerne på facebook: Fitjar babysong og småbarnstreff

Arr: Fitjar sokneråd



arr.: temakveldgruppa/  
soknerådet

**||| GSE SANDVIK AS**

55 60 18 20



**Din Catering leverandør**

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)

E-post:  
fitjarcamping@haugnett.no

**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**



Vilkommen til ein tryvleg handel på Fitjar



lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07  
53 49 73 09

[www.rydland.as](http://www.rydland.as)

post@rydland.as

**Hår**  
loftet

**OPRINGSTIDER**  
Mån, tirs, fre..... 9-16  
Ons, tors..... 9-18  
Laur (kun drop-in).. 10-13

**Treff oss i 2. etg  
i Larsen bygget**

For timebestilling ring:  
**53 49 78 90**

*Fiks frisyren  
hos oss!*



**OPNINGSTIDER:**

Man-tys-fre: ..... 9-16

Ons-tor: ..... 9-18

Laurdag: ..... 10-14

Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81

**AARBØ & KORSVIK  
FORSKALING**

TLF:  
916 46 123



Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS  
Kjerelvvegen 55

5419 Fitjar  
[www.leroyseafood.com](http://www.leroyseafood.com)



Mobilnr: 951 89950



Mobilnr:  
975 02381

**Fitjar-Posten**

E-POST: [post@fitjarposten.no](mailto:post@fitjarposten.no) - MOB: 476 52 527

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)

**PORT  
STEINGARD**

Port Steingard AS  
v/Johs Sandvik  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961

**Susflidskron**

Tlf: 53 49 79 60



Fitjar  
Bygdekvinne lag



Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

[www.interflora.no](http://www.interflora.no)

Blomster - Gaver - Gravsteiner



[www.finero.no](http://www.finero.no) - [jantore.aarskog@finero.no](mailto:jantore.aarskog@finero.no)

Ledig annonseplass



53 45 72 00

53457220  
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS



Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbest.no/>

SPAR



KVERNENES  
BÅTBYGGERI

Kvernenes Båtbyggeri AS, Kalvøi 27, 5410 Fitjar  
Telefon: 53 49 90 90, [baatbygge@kvernenesbaat.no](mailto:baatbygge@kvernenesbaat.no)



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiken

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



Fitjar  
FJORDHOTELL

Tlf. 53 45 77 00

Videoen  
Kiosk



**Engevik &  
Tislevoll a.s**  
Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

Vågen's kro  
og catering

48 04 19 09



Aarskog  
Elektro

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

HEIMLI  
SHIP DESIGN

Fitjarveien 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70  
E-mail: [post@heimli.com](mailto:post@heimli.com) - Web: [www.heimlishipdesign.com](http://www.heimlishipdesign.com)

SparebankenVest

**VI ER FAMILIEBANKEN**

*Vi følger deg hele livet*



Syng med oss !  
OSTERNES MANNSKOR

Ledig annonseplass

Ledig annonseplass



# Slekters gang

## Døyppte:

**25.12.**

Vilde Knudsen

**20.01.**

Jesse Oliver Turøy

**13.01.**

Olander Kristoffer Helland

**03.02.**

Rakel Aarbø Solheim

## Vigde:

**05.01.**

Siv Merete Noreide og

Torbjørn Stokken

Ingvil Moldestad Oma og

Jonathan Luis Yupangui Guasco

**13.01.**

Anniken Therese Karlsen og

Ole Morten Helland

## Jordfeste:

Gunnlaug Malene Tveit

f. 28.12.1927 d: 29.11.2018

Kåre Nesbø

f. 09.02.1940 d: 04.01.2019

Ove Oddmund Torvund

f: 12.04.54 d: 07.01.2019

Birger Arne "Biggen" Soltvedt

f: 21.09.1941 d: 06.01.2019

Ranveig Torvund

f: 05.06.1929 d: 18.01.2019

Erna Isdahl

f: 06.12.1929 d: 03.02.2019



# Gudstenesteliste

Dato	Klokkeslett	Merknad	Prest	Kantor	Takkoffer formål
24.02.	11:00	Dåp, Nattverd	vikar	Jan Overweg	Norsk Lærerakademi NLA
03.03.	11:00	Dåp, Nattverd	Roald Drønen	vikar	Kyrkjelydsarbeidet
10.03.	11:00	Fam.gudst, Tårnagentar, Dåp	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
13.03.	19:30	Ønskjesalmekveld m/kyrkjekoret		Jan Overweg	
17.03.	11:00	Dåp, Nattverd	Roald Drønen	Jan Overweg	De fire diakoni-inst.
24.03.	11:00	Dåp, Nattverd	Svein A. Theodorsen	Jan Overweg	Kirkens SOS
31.03.	11:00	Nattverd	Sven H. Nilsen	Jan Overweg	KABB
07.04.	11:00	Fam.gudst. Dåp	Roald Drønen	Jan Overweg	IKO
14.04.	11:00	Dåp, Nattverd	Gunnvald Bjtveit	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
18.04.	11:00	Skjærtorsdag	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
19.04.	11:00	Langfredag	Roald Drønen	Jan Overweg	Ikkje offer
21.04.	11:00	1. påskedag, Nattverd	Roald Drønen	Jan Overweg	NMS - Misjonsprosjektet
22.04.	11:00	Dåfjorden Slipp	Roald Drønen	Harald Rydland	Dåfjord bedehus
28.04.	11:00	Fam.gudst. Barnas påskefest, Utdeling av bok til 6-åringane	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet/ Fitjar barnegospel